

Til grunneigarar, naboar og offentlege instansar

Arkoconsult AS

Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Valestrandsfossen 02.11.2023

Varsel om oppstart av privat detaljregulering

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-8 varslast det med dette oppstart av privat reguleringsarbeid for detaljplan:

DETALJREGULERINGSPLAN FOR HAUGSTAD, GBNR. 464/32 MFL., ALVER KOMMUNE. PLANID: 4631 2023 006

Planområdet

Planområdet er på om lag 122,4 daa og er lokalisert på Haugstad på Radøy, i Alver kommune. Planområdet omfattar eit eksisterande hytteområde, samt tilkomstveg til området. Delar av sjøareala i Taulsvågen ligg også innafor planområdet. I strandsona er det fleire etablerte naust og flytebryggeanlegg.

Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide en reguleringsplan i tråd med eksisterande situasjon. Planen vil samstundes setje rammer for framtidig utvikling i området. Sjå vedlagt planinitiativ for meir informasjon om føremålet med planarbeidet.

Planstatus

Planområdet er i gjeldande kommunedelplan for Radøy sett av til fritidsbustader, andre typar bygningar (naust), LNFR-areal, LNFR – spreidde bustader, småbåthamn og bruk og vern av sjø og vassdrag. Det generelle byggeforbodet i 100-metersbeltet langs strandsona er erstatta med ein dele- og byggegrense i kommunedelplanen, som i stor grad følgjer strandkanten.

Planen medfører etter kommunen sin foreløpige vurdering ikkje krav om konsekvensutredning etter kapittel 4 i plan- og bygningsloven. Forslagsstillar med plankonsulent har utarbeidd eit planinitiativ og det er halde oppstartsmøte med kommunen. Sjå vedlegg for referat frå oppstartsmøte og planinitiativ.

Forslagsstillar og utførande konsulent

Planarbeidet utførast av Arkoconsult AS på vegne av Henning Dahl. For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS.


Innspel og merknadsfrist

Eventuelle innspel kan sendast til plankonsulent innan **01.12.2023**. Alle mottekne dokument, innspel o.l. følgjer planforslaget når det vert oversendt til kommunen.

Etter merknadsfristens utløp vil reguleringsplanen utarbeidast. Planforslaget sendes til Alver kommune for saksbehandling. Etter førstegangsbehandling leggjast planen ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Man har då ein ny anledning til å komme med merknader til planforslaget før vidare handsaming.

Innkome merknadar svarast ut i eit eige skjema som følgjer som vedlegg til planmaterialet. Vi gjer merksam på at kvart enkelt innspel ikkje vert svart på direkte til merknadsstillar.

Forslag til planavgrensing:



Med vennlig hilsen/Best Regards

Ane Netland Rolland
Arealplanlegger

Direkte: +47 47855616 | Felles: +47 56390003

E-post: ane@arkoconsult.no | www.arkoconsult.no